

Årsmelding OIL Turngruppa 2009

Styret for 2009: Leiar Espen Gjerstad på val i -10 Nestleiar Elin Bergan på val i -10
Kasserar Monika R. Solberg på val i -10 Sekretær Målfrid Lone på val i -11 Styremedl. 1
Randi Vevle på val i -10 Styremedl. 2 Anette Hopsdal på val i -11 Styremedl. 3 Annike R.
Solberg på val i -11 Styremedl. 4 Solgunn Presttun på val i -11 Styremedl. 5 Michelle
Hauge på val i -11

Meldlemane våre hausten 2009 er 106 barn & 10 vaksne.

Anleggssituasjon: I år har me gått til invistering i nye turndrakter til seniorpartiet vårt. Elles var me så heldige at me har fått sponsa T-skjorter frå G-sport som alle våre gymnaster og trenar har fått. Me er også vore heldige å fått tilbake torsdagstreningane, noko som betyr veldig mykje for oss.

Økonomi: Turngruppa har hatt ein heilt grei økonomi det siste året. Me har ikkje hatt store innkjøp og treningsavgifta dekkar akkurat inn dei ordinære driftsutgiftene. Me må difor gå aktivt ut for å skaffa inntekter viss me ynskjer å invistera i noko nytt. Arrangerer me ein konkurranse i året har me stort sett stått att me eit greitt overskudd. Me har ikkje gjort noko for å skaffa oss sponsorer å det er ei oppgåve me nok bør bruke meir tid på i året som kjem.

Framtidsplaner: Turngruppa har ei stor utfordring i å skaffa kvalifiserte og mange nok trenarar til partia våre. Det er mykje gjenbruk og over tid slitt det på motivasjonen til trenarane. Det er ikkje rom for at nokon kan få seg eit pustear, og det er ei utfordring me må ta svært alvorleg.

Me har det også svært trangt i Osterøyhallen, både når det gjeldt treningstid og lagringsplass til utstyret vårt. Me ser svært fram til at det skal bli bedre lagringskapasitet. Slik det er no kan me ikkje gå til innkjøp av meir nytt utstyr, i så fall må det då stå usikkra ut i hallen og det er ikkje holdbart med tanke på levetida for utstyret.

Det har vore 7 styremøte i året som har gått, og det har vore behandla 37 saker. I tillegg har me også gjennomført eit styremøte med representant frå kretsen tilstades, dette for å gi oss meir innsikt og inspirasjon til å arbeide vidare.

- referent - - Målfrid Lone -